



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** Torsdag 28.01.2021  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Ord for dagen:** Tom

## Innkallinga er sendt til:

	<b>Funksjon</b>	<b>Møtt/ikkje møtt</b>
Svein Lunde	leiar	X
Wenche Andersen Helland	nestleiar	X
Sigrid Marie Fangel	skrivar	X
Tom Rydland	medlem	X
Anne Marie Røed	medlem	X
Herman Inge Aadland	medlem	X
Håkon Rydland Sæbø	medlem	X
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	X
Roald Drønen	sokneprest	X
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	X
Jostein Skram	1. vara	X
Karin Maria Korsvik	2. vara	X
Jan Overweg	kyrkjeverje	X

**Sakliste:**

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/01	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2021/02	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 19.11.2020	x
2021/03		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2021/04		Arbeidet i soknerådet	x
2021/05		Godkjenning av detaljbudsjett for 2021	x
2021/06		Kyrkjelydsprestfondet	
2021/07		Open post	
2021/08		Evaluering Teams	

**Blomehelsing til Sigrid som takkar av etter 3 år som soknerådsleiar og gratulasjon til Jan som nyleg blei 60 år.**

**Ord for dagen ved Tom**

**Sak 2021/01 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste****Vedtak:**

Innkalling og saklister godkjent

**Sak 2021/02 012.1 Referat frå sist møte**

Referatet frå møte den 19. november 2020 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 19. november 2020.

Referata skal signerast etter gjeldande reglar.

**Sak 2021/03 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet**

Arbeidsutvalet ønskjer å leggja til rette for at kyrkjeverja - eventuelt supplert av soknepresten - legg fram ei orientering om arbeidet i soknet i starten av kvart rådsmøte.

Orientering kyrkjeverje og sokneprest

1. Sidan sist dominerer framleis pandemien og smittevern reglane i kvardagen for oss tilsette. Mykje arbeid er lagt i å gjera gudstenester tilgjengeleg for så mange som mogleg på nett. Lysmesse og julegudstenestene blei nok annleis i år enn tidlegare år. Regjeringa la opp til framleis strenge smittevern tiltak, og me innretta oss så godt som me kunne. Forventningane om at januar månad skulle bli enklare, blei dessverre ikkje innfridd. Me må førebu oss på ein annleis vår også. Biskopane sendte eit brev til kyrkjelydane i dag med oppfordring om å vurdera å utsetja vårens konfirmasjonar til hausten. Dette kom ikkje overraskande og avgjerd

om utsetjing må kanskje koma i neste soknerådsmøte. Likevel har me ein stab som jobbar svært godt. Kontoret er ope nærmast kvar dag, men Roald er framleis 50% sjukmeldt. Randi har nokre dagar med heimekontor. Det har hittil i år ikkje vore møte i nemnd og utval så langt, men noko er planlagt. Kyrkjelydsweekend i mars er framleis i ikkje avlyst - me har håp på at det kan gjennomførast. Pr. i dag er det omlag 30 påmeldte - vaksne og barn.

2. Dei siste månadene i 2020 har vore travle for alle, og med mange flotte nye tiltak der heile staben har vore involvert. (Stallen, skulevideo, ..)
3. Etter nyttår har alle jobba med å få ferdig statistikken for 2020. I år, både Kostra-tal og statistikk for dei digitale satsingar me har hatt i 2020. Det er også rapportert for bruk av tilskott - me fekk i desember midlar frå barne og fam. departementet til digitale satsingar. Og med hjelp frå Knut Rydland fondet har me nå byrja å få svært godt utstyr til strøyming.
4. Me har avslutta 2020 med samanlagt omlag 40 gravferd. Det er såleis godt at me har Kjetil på gravplassen og i kyrkja. Gravplass forvaltninga har i 2020 vore meir omfattande enn i eit normalt år. Kjetil har no vore tilsett i snart tre månader, og det mykje og svært godt arbeid som er gjort på kyrkjegarden og i kyrkja. Mykje blir ordna, rydda, sett i stand, og reparert. Det er kjekt å jobba saman med han og han gjev også sjølv uttrykk for å trivest i jobben.
5. Etter sist møte er det bestilt og kjøpt fleire større saker: Nokre av medlemmene i kyrkjeringen har vore på banen og fått på plass teppeprøver i ulike fargenyanser - og etter synfaring frå Ledaal teppevereri er nytt teppe no i produksjon. Det er også kjøpt inn reiskap til kyrkjegarden. Størst der er ein bensindreven fliskuttar. Dette var viktig for vår nye kyrkjegardsarbeidar å få på plass. Det gjer ryddearbeidet vesentleg lettare. Å få gjennomført ein ny ekstern vurdering av trea på kyrkjegarden vart ikkje mogleg å gjennomføra med midlar frå fjorårets budsjett.
6. 25. Januar har soknet fått brev frå biskopen om bispevisitas. Det har vore uformelle drøftingar mellom prosten, soknepresten og kyrkjevevja, og biskopen har no bestemt at det skal vera visitas i Fitjar i veke 48. Det er 30. november til 2. desember og visitasgudsteneste søndag 5. desember. Mykje av førebuingane til visitasen blir gjort av soknepresten med god hjelp frå dei andre tilsette, men soknerådet vil også bli involvert.
7. Biskopen utfordrar oss til å ha fleire gudstenester kvar søndag, men her på Fitjar blir det satsa mest på gode direktesende digitale gudstenester.

#### **Vedtak:**

Soknerådet takkar for orienteringa og tek den til vitande

#### **Sak 2021/04 Arbeidet i soknerådet - "fellesrådssaker og soknerådssaker"**

Leiar i soknerådet la fram ei innleiing om arbeidet i soknerådet i 2021. Kva er vår visjon og målsetjing for arbeidet i soknet?

Han orienterte om arbeid i fellesråd med lovpålagde oppgåver, og arbeidet soknerådet som omhandlar alt det som nærer og bygger det kristne livet.

Leiaren la fram tankar om arbeidsform i sokne- og fellesrådet: t.d. møtestruktur, økonomistyring

Han peika også på behovet for medviten tidsbruk i arbeidet: Kvar bør fokus vere, visjon vs detaljstyring?

|

Målsetting for arbeidet er enkelt sagt kyrkjelyden sitt ve og vel. Når det gjeld diakoni er tida kan hende inne for tenkje vidare med ei større målgruppe for det diakonale arbeidet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til dei tankane som blei lagt fram av leiaren, og ynskjer at arbeidsutvalet jobbar vidare med den overordna strukturen for arbeidet. I tillegg er det viktig å jobba fram berekraftige løysingar under pandemi.

#### **Sak 2021/05 Godkjenning av detaljbudsjett for 2021**

Viser til vedtak i sak 2020/49 om budsjettframlegget for 2021. Fitjar kommunestyre handsama 09.12.2020 sak PS 98/20 - Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024. Det vart vedteke å tildela kyrkja eit tilskott på kr. 2.305.300. Dette er 134.100 lågare enn for 2020 og 280.100 lågare enn vårt budsjettframlegg for 2021. For å få budsjettet i balanse er det naudsynt å leggja inn ein større sum frå det ubundne disposisjonsfondet (overskott frå tidlegare år). Dette må gjerast med ei forventning om at rammeoverføringa for 2022 vert auka i tråd med kommunen sin økonomiplan for 4-årsperioden. Justert detaljbudsjett er sendt med innkallinga.

#### **Vedtak:**

Soknerådet vedtek Fitjar sokn sitt detaljbudsjett slik det ligg føre. Godtgjersla for tillitsvalde vert ikkje endra.

#### **Sak 2021/06 Kyrkjelydsprestfondet**

Frå 1991 til 2018 har Fitjar sokn - gjennom ei gjevarteneste - samla inn midlar til løn til kyrkjelydsprest. Storleiken på fondet er i dag kr. 643.000. Årsmøtet oppfordra alt i 2019 soknerådet om å vurdere korleis fondet kan bli brukt. Arbeidsutvalet har eit ønske om at eit utval skal førebu forslag til bruk av fondet. Til utvalet er desse foreslått:

Anne Marie Røed  
Herman Inge Aadland  
Haakon Rydland Sæbø

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet gjev eit utval mandat til å leggja fram forslag til bruk av fondet. Soknerådet peikar ut Anne Marie Røed, Herman Inge Aadland, Sigrid Fangel og Haakon Sæbø som medlemmer i utvalet. Soknerådet ber om høve innspel undervegs før endeleg forslag blir lagt fram for soknerådet.

#### **Sak 2021/07 Open post**

- Innspel til saker neste møte: hente saker frå referat som ikkje er slutført.
- Konfirmasjon på våren eller utsetje til hausten?
- Det blir gjort mykje godt arbeid i kyrkjelyden under pandemien, ikkje minst ved strøyming av gudstenester med deltaking ved gode krefter blant frivillige. Likevel er det eit spørsmål

|

om tilsette, soknerådet og andre frivillige kan gjera enda meir for å tena kyrkjelyden vår i denne, for mange vanskelege tida? Td: Open kyrkje? Utegudstenester? Bibeltimar på nett? Ord for natta? Musikkandaktar på nett? Utvida telefonteneste ? Nattverd utandørs mm.

### **Evaluering teams**

- Teams fungerer greitt under noverande forhold, men vi håpar å koma attende til ein møteform vi kjenner frå tidlegare. Korleis vi nyttar teams kan vi likevel utvikle vidare. Viktig at me gjennomfører møter etter planen. Teams er mykje betre enn ingenting. Formelle soknerådsmøter bør vere fysiske når mogleg. Teams er godt eigna til "gruppemøter" eller avklaringsmøter

Fitjar, .....2021

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Jan Overweg  
kyrkjeverje

Sigrid Fangel  
referent

|